



SAKSHANDSAMAR
Olaf Sverre Berntsen, Ingunn Holm

VÅR DATO
25.04.2025

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
25/01211-2

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Bykle kommune
Sarvsvegen 14
4754 BYKLE

Områderegulering for Hegni, Bykle kommune. Motsegn

Riksantikvaren viser til brev frå Agder fylkeskommune, datert 19.3.2025. Riksantikvaren har fått saka sendt over frå Agder fylkeskommune for vurdering av motsegn på sjølvstendig grunnlag, i samsvar med underrettingsplikta innan kulturminneforvaltinga, jf. § 7 i *Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven*. Vi viser også til at fylkeskommunen har avtala med Bykle kommune at Riksantikvaren har frist til 25.4.2025 for uttale.

Innanfor planområdet er det to kjende jernframstillingsanlegg og 14 kolgroper. Alle kulturminna er knytt til produksjon av jern frå myrmalm i vikingtid og mellomalder, og gir innsikt i tidleg metallurgisk teknologi og samfunnsstruktur.

Riksantikvaren reiser motsegn til områderegulering for Hegni. Reguleringsplanen er i konflikt med fleire automatisk freda kulturminne. Dette gjeld den planlagde klatreparken, som er i konflikt med eit særleg verdifullt jernvinneanlegg, og fleire av stigane som er i konflikt med kolgroper med tilhøyrande sikringssoner.

Reguleringsplanen

Bykle kommune har sendt områderegulering for Hegni på ny høyring. Føremålet med områderegulering for Hegni er å leggje til rette for destinasjonsutvikling, friluftsliv, næring-, natur og kulturbasert områdebruk.

I planforslaget som no er på høyring, er det føreslått ein klatrepark (Andre idrettsanlegg). Klatreparken er i konflikt med eit jernvinneanlegg.

Om kulturminna og kulturmiljøet

Det har vore ei rekke registreringar og utgravingar i Bykle kommune, særleg på Hovden, frå 1970-tallet og fram til i dag. Dei fleste undersøkingane er gjort i samband med arealplansaker og forskingsprosjekt. Utgravingane er for ein stor del knytt til den store utbygginga av hytter og turistanlegg i området dei seinaste 30 til 40 åra.

Reguleringsplanen for utviding av Hovden skisenter mot Breive og Hovden aust har medført undersøkingar som har gitt ny kunnskap om førhistoria i Bykle kommune.

Utgravingar viser at kulturminna i stor grad skriv seg frå jernframstilling i yngre jernalder og mellomalder.

Dei fleste kjente anlegga på Hovden er frå perioden 900 til 1300 e.Kr. Hovden-området har vore eit av dei sentrale områda for jernproduksjon i Noreg i vikingtid og mellomalder. Jernet kan ha blitt transportert over fjellet til Rogaland og Hordaland eller til Skiensområdet for vidare transport ut i Europa eller til bruk regionalt.

Den viktigaste føresetnaden for jernframstilling er jernmalmførande myrer og skog for produksjon av trekol. Dette fann ein rikeleg av på Hovden i vikingtid og mellomalder. Spora etter jernvinna frå denne tida er i dag i første rekke sjølve jernvinneanlegget med blestertufter og slagghaugar (avfallshaugar). Vidare er det omnar og lagerplassar for malm og kull, og røsteplassar etter brenning av malm på bål. Jernutvinninga gjekk gjerne føre seg under tak, og ein finn òg spor etter bygningar. Den vanlegaste forma for spor etter jernutvinning er kolgroper som er restar etter framstilling av kol til jernutvinninga eller smiding av råjern. På gardane Breive og Hovden er det registrert nærare 150 jernvinneplassar og over 2000 kolgroper.

Etter alt å dømme finst det i tillegg ei rekke eldre jernvinne anlegg som ikkje er synlege på markoverflata. I Norge er utvinning av jern frå myrmalm, den såkalla blestringsmetoden, kjent attende til førromersk jernalder (500-0 f.kr). Eldste sikre spor er attende til 3-200 f.Kr.

Ved røsting vart malmen brent på bålet og ureinheiter fjerna, slik at det vart eit betre grunnlag for jernframstilling. Røsteplassar i område mellom framstillingsplassane er først funne dei seinare åra ved bruk av nye registreringsmetodar. Deretter brann ein trekol og malm i ein sjaktomn av leire, og jernet vart felt ut. Prosessen måtte gjerast med ein temperatur som var lågare enn 1300° slik at slagget, men ikkje jernet, smelta. Slagget kunne ein enten tappe ut flytande frå omnen, eller la det størkne til ein klump i ei slagggrop. Dette avhang av kva for type omn som vart brukt. Sjaktomn med slagggrop var i bruk fram til vikingtid. Då skjedde det ei teknologisk endring og omnar med slaggtapping vart introdusert.

På Hovden finn ein hovudsakleg den sistnemnde typen, men ved utgravingar i 2012 (Hovden aust) fann ein også den eldste omnstypen, gropsjaktomn. Betre registrerings-

og utgravingsmetodar gjer at denne typen no er kome for dagen på Hovden, og truleg er det mange slike anlegg som ikkje er funnen ved eldre undersøkingar nær Hovden sentrum.

Automatisk freda kulturminne innanfor planområdet

Innanfor planområdet er det to kjende jernframstillingsanlegg og 14 kolgroper. Alle kulturminna er knytt til produksjon av jern frå myrmalm i vikingtid og mellomalder, og gir innsikt i tidleg metallurgisk teknologi og samfunnsstruktur. Hovden jernvinnemuseum er etablert innanfor reguleringsområdet og museet gir saman med dei kringliggande kulturminna ei livaktig oppleving av korleis jern vart produsert i denne tidsperioden.

Fylkeskommunen si tilråding

Kulturmiljøforvaltinga i fylkeskommunen rådde til at det burde reisast motsegn til forslaget om klatrepark, som kjem i konflikt med eit velbevart jernvinneanlegg. Fylkesutvalet valde å ikkje reise motsegn.

Riksantikvaren si vurdering

Innanfor planområdet ligg eit jernvinneanlegg med kulturminne-ID 99066 som skal takast vara på og nyttast til formidling saman med jernvinnemuseet. Dette kulturminnet er godt bevart. Det har minst to fasar som begge er godt synlege, der den yngste tufta er grave delvis ned i ei eldre tuft. På grunn av at det er tydeleg fleire fasar med tufter over kvarandre, noko som er svært sjeldan på Hovden, har kulturminnet ein svært høg vitskapleg verdi.

Kulturminnet ligg nært museet og rett ved turvegen, er tydeleg i terrenget, og har med det også ein svært høg pedagogisk verdi. På bakgrunn av dette og den nære plasseringa til jernvinnemuseet, representerer jernvinneanlegget ein attraktiv og naturleg del av formidlinga av jernframstillinga på Hovden i jernalder og mellomalder.

Plassering av eit klatreanlegg i området nord for jernvinneanlegget vil medføra auka ferdsel og auka fare for skade, samtidig som det vil vera utilbørleg skjemmande på jernvinneanlegget jf. kulturminnelova § 3. Klatreparkar består ofte av høge element (plattformer, liner og tårn), som kan dominera landskapet og visuelt konkurrera med kulturminnet. Det er allereie oppført eitt utandørs treningsanlegg like sør for jernvinneanlegget, og Riksantikvaren reknar derfor at tolegrensa for slike tiltak i tilknytning til jernvinneanlegget allereie er overskriden. Klatreanlegget vil dermed bidra til å svekkja opplevinga av kulturmiljøet som jernvinneanlegget er ein del av.

For å få plassert eit klatreanlegg i området er det også naudsynt å fundamentere dei forskjellige installasjonane som skal utgjere klatreanlegget. Dette vil kunne gje inngrep i

nærområdet til jernvinneanlegget. Riksantikvaren reiser **motsegn** til arealformålet anna idrettsanlegg med føresegner.

Riksantikvaren har forståing for ønsket om å etablere ein klatrepark på Hovden. Vi vil rå til at det i så fall vert gjort ei utgreiing der ein ser på andre moglege lokaliseringar som ikkje kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Planen er også i konflikt med ei rekke andre automatisk freda kulturminne.

Riksantikvaren rår til at stigar som i dag går innanfor sikringssona til automatisk freda kulturminne vert justerte slik at stigane går lenger unna dei aktuelle kulturminna.

Riksantikvaren strekar under at det krevst dispensasjon etter kulturminnelova § 8 fjerde ledd for tiltak som er i konflikt med automatisk freda kulturminne, inkludert sikringssone, med mindre tiltaka vert justerte slik at dei ikkje lenger er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Riksantikvaren har **motsegn** til planen til det er avklart kva stigar som kan justerast, og kor det er naudsynt med dispensasjon frå fredingsføresegnene i kulturminnelova.

Planen, slik han ligg føre i dag, har også som føresetnad at eventuelle tiltak innanfor planføremålet "offentleg eller privat tenesteyting" kan gjennomførast utan at dei planlagde tiltaka kjem i konflikt med dei automatisk freda kulturminna innanfor føremålet.

Konklusjon

Riksantikvaren reiser **motsegn** til områderegulering for Hegni. Reguleringsplanen er i konflikt med fleire automatisk freda kulturminne. Dette gjeld den planlagde klatreparken, som er i konflikt med eit særleg verdifullt jernvinneanlegg, og fleire av stigane som er i konflikt med kolgroper med tilhøyrande sikringssoner.

Helsing

Kristine Johansen
fung. avdelingsdirektør

Ingunn Holm
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Agder fylkeskommune, Postboks 788 Stoa, 4809 ARENDAL